

## **Kjære sau- og geitvenner, utsendingar, gjestar og æresmedlemmar!**

Velkome åt årsmøtet i Oppland Sau og Geit for 2010. Spesielt velkome til æresmedlemmar, gjestar og ikkje minst åt leiaren i NSG, Ove Ommundsen.

Velkome òg til årsmøtehelga, som i tillegg til årsmøtet vil innehalda fagseminar, kurs, årsmøte i Ring 41, som oss tjuvstarta og avvikla i går, oss har fjøsturer til Gausdal og ikkje minst vil oss sikkert ha mykje hyggeleg sosialt samvær, der festmiddagen i kveld vert hovudarrangementet. Årsmøtehelga er viktig for organisasjonen vår, der vi får sett ord på saker vi brenn for, vi får vald inn dei vi meiner er våre rette og ikkje minst får vi treft yrkeskollegaer, som vi kan knytte gode band til.

Takk til Tobias for kjempefin velkomst hit åt Øyer og for at døkk ville ta i mot oss. Takk til andre medlemmer som har vore med å planlagt arrangementet. Ein spesiell takk vil eg gje åt dei som stiller fjøsa sine til disposisjon til seminaret. Den som likevel fortener den største takken er sekretæren vår, Ken Lunn, som har hatt hovudansvaret og mykje arbeid med å sy denne helga saman for oss.

Øyer er ein spesiell stad for meg i OSG - samanheng. Sjølv om eg som tillitsvald i ringsystemet hadde eit forhold til OSG før, så var det på 50-årsjubileet her i 1999 at eg opplevde fyrste seminaret mitt, der eg sjølv sagt laut entre talarstolen og ta spælsauen i forsvar. Det var stappfull sal, så ein jypling i miljøet som eg var, hugsar eg enda tida frå eg reiste meg til eg fann talarstolen. Den vinteren vart eg vald til lokallagsleiar, og sidan har eg ikkje skulka eit einaste seminar eller årsmøte. På desse åra kan eg ikkje hugsar at leiaren i NSG har vore på dette arrangementet i Oppland, så Ove var ikkje vond å beda da eg ringde og minna han om det seinhaustes.

2010 vart enda ein gong eit utfordrande år for småfehaldet.

Jordbruksforhandlingane gav oss vel, sett i ljøs av prisauken, i realiteten eit null - oppgjer. Hovudslaktinga i Oppland skjer da prisen er lengst frå målpris, så vi kan på langt nær ta ut målprisen i hovudsesongen. Dette har vore eit tema i mange år, men vi får alltid høyra at vi må gjera det slik for å ha nok lam på marknaden så tidleg som råd er. Likeeins får vi høyra frå meir sentrale strom i landet at distriktstilskotet er med og utjamnar denne uretten. Eg har funne ut at det er nokre høge herrar som sit på dette, så vi må nok berre godta det. Vi satsa òg på auing i utmarksbeitetilskotet og endring av satsane og premissane i forhold til utfordringane vi har ikring radioaktivitet. Oppland slit enda med etterverkingane av ulykka i Tjernobyl og vil også dette året oppfordra

forhandlingspartane til å ta oppatt dette med bl.a. satsane som har vorte ståande uendra sidan dei vart vedtekne i 1987.

Den største utfordringa i 2010 fekk vi likevel frå kjent hald – freda rovvilt og forvaltarar av rovviltpolitikken. Ikkje minst har vi dette året avdekka kor liten maktelite som sit og bestemmer eller forvaltar rovviltpolitikken. Eg kunne nemna eksempel i fleng ikring dette temaet. Vi har Miljøverndepartementet v/Heidi Sørensen som synes å dirigera og diktera heile regjeringa og dermed Stortinget i denne politikken. Korleis denne regjeringa kunne få seg til å vera einige om formuleringane i Soria Moria 2 er for meg ei gåte. Eit av dei ”gode” eksempla frå Oppland er dette: ”...**lav terskel for å ta ut hannbjørner som har gjort skade eller som representerer et skadepotensial.**” Dette har vi prøvd ut med å sitera det så ofte vi har klart til politikarar og forvaltarar. Dei fleste politikarane har så langt eg har funne ut vore einige med oss, rovviltnemnda har støtta oss, Opplandsbenken på Stortinget har støtta oss, men byråkratane i DN og MD meiner noko anna. Vi meinte at dette punktet kunne bety at vi i Oppland, som ikkje har bestandsmål av bjørn, kunne få ta ut bjørn på vårsnø. Prosessen starta med søknad den 25/1, avslag DN etter eit par heftige telefonar datert 25/3 – motteke 8/4. Klage frå oss til MD via DN 14/4, oversending av klage frå DN til MD 29/4 – motteke i MD 10/5. Avslag frå MD 1/7 etter telefonar, e-postar og trussel med sivilombudsmannen. Rein uthalingstaktikk spør du meg.

Eg er òg fullt klar over at hadde vi i Oppland teke ut alle rovdyra vi har hatt lov til å ta ut, ville livet for beitedyra våre vore langt tryggare og betre. Men vi er svært avhengig av tilfeldige, flinke, heldige og som oftast frivillige jegerar for og lykkast med dette arbeidet. Politikarar og forvaltarar kan gjera vedtak, men i det praktiske liv må desse vedtaka effektuerast, dette tek ikkje styresmaktane ansvar for. Som eit eksempel kan eg nemna at vi har hatt 21 skadeløyve på bjørn dei 2 siste åra utan resultat, i tillegg til at vi nok ein gong gjekk i gjennom lisensjakta med kvote på 4 dyr utan og lykkast att i haust. Kvifor vil ikkje styresmaktene hjelpa oss og leggja til rette for at dyr som er dødsdømt vert teke ut? Vi skal tross alt etter stortingsforliket ha ei todelt målsetjing, der ikkje berre bestandsmåla av freda rovdyr skal telja, men beitebruken skal òg kunne utøvast. Svaret er: Det er makta som rår, og makta ligg i hendene til den såkalla vernesida I denne samanhengen må eg òg skunda meg å takka ulvejegeren i Fåvang, som skaut ulv på skadefelling og viste stort nok mot til å ta ein på naudverje. Det er vel ikkje mange som har spara såpass mange kroner for Staten

dette året. I tillegg vil eg nemna at fleire og fleire no tek til orde for at vi må drøfta andre metodar for å vinna fram med rodyrpolitikken, eg har hittil meint at dialog har vore det beste.

2010 vart i tillegg til rovdyr eit år vi minnst for inntoget av radiobjøller i fylket vårt. Dette unike hjelpemiddelet har vi høyrte om mest heile tida mi som tillitsvald i Sau og Geit. Endeleg fekk vi sjansen til å prøve ut dette i større målestokk da prosjektet vart starta dette året, finansiert gjennom FKT – midlar og det nasjonale Beitebruksprosjektet. Eg må skota inn at utan eit godt samarbeid mellom OSG, FM Oppland og Rovviltnemnda i Oppland ville ikkje dette prosjektet ha sett dagens ljus. 400 bjøller i 2010 og dei planlagde 800 nye i år har skruva interessa høgt i taket i Oppland. 54 søknader frå ikring 100 beitebrukarar med ønskje opp mot 3000 bjøller fortel oss at vi har gjort ein god jobb med å spreie kunnskapen om dette produktet. Men det fortel òg om ei næring som er desperat etter å finna løysningar for å vinna tid, unngå rovdyrangrep og læra meir om utmarksbeitet sitt. Radiobjøllene er nok ikkje det mest skadeforebyggande middelet vi kan setja inn, men er til stor hjelp i forhold til tilsyn, betre dokumentasjon, å oppdaga uro i flokkane og til effektiv sanking. Så ventar vi i spenning kva framtida vil gje oss. Kan ein auka etterspørsel få prisen på radiobjølla ned når prisen er så høg at etterspørselen ikkje finns i praksis? Er det mogleg at Staten v/Miljøverndepartementet vil ta noko av rekninga her? For tek vi dette over jordbruksavtala vert det ikkje att noko til andre ting.

Når det gjeld geit har vi nok ein gong dessverre hatt ein tydeleg nedgang i antall geitemjølkeprodusentar, og ein liten oppgang med antall ammegeiter. Av ikring 100 geitehaldarar hadde 40 mjølkegeiter i fylket vårt. Likevel er Oppland det 3. største geitefylket i landet og leverte 1,9 mill liter i 2010, noko som var ein auke på 5,6 % i forhold til førre året. Eg har inntrykk av at økonomien er forholdsvis brukbar hos dei fåe som er att. Det vart òg dette året arrangert fagdag på Lemonsjøen i juni med 3 gode faglege emner.

Heilt på slutten av 2010 og nesten utan at vi visste det skifta organisasjonen vår web-side. Dette skjedde tett opp mot jul, og ein stressa web-redaktør vart nesten sett i sjakk matt. Oppland har for å seia sanninga vore ein sterk pådrivar i dette arbeidet, men måten det skjedde på var litt på kanten. I ei viktig tid måtte vi ta jula til hjelp for å få fylkeslaget på nettet att, og nå føler eg at arbeidet går godt framover. Den nye web-løysinga er brukarvennleg både for lesar og redaktørar, men eg ventar enda på fyrste kommentaren på sida vår! Brukar døkk nettet?

Eg vil òg nytta anledninga til å takka nokre av dei viktigaste støttespelarane i året som ha gått. Dette gjeld Oppland Bonde- og Småbrukarlag, Oppland Bondelag, Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag, Nord-Fron Sau og Geit og fylkeslaga av Sau og Geit i Sør-Trøndelag, Buskerud og Akershus og sjølv sagt mange enkeltmedlemmar. Eg vil òg spesielt nemna Sidsel Røhnebæk og Marthe Lang-Ree hos FM i Oppland som verkeleg står på for oss.

I går og ikkje minst i morgon skal avlen stå i fokus. Avlen i Oppland har gått og går svært bra med eit seriøst styre. Vi sel verar som aldri før og er i enkelte NKS-avdelingar og andre enkeltbesetningar høgt oppe på nasjonalt nivå. Spælavlenn og dei "dårlegaste" avdelingane av NKS har enda ein veg å gå, men vi får vona at dei har ei framtid både med og utan avlsstatuett. Vi hadde besøk av Thor Blichfeldt i året som gjekk, der eg som spæl-kar får håpa at NKS-avdelingane hadde meir utbytte av det enn spælavdelingane. Budsjettmessig ser det ut til at økonomien i avdelingar går oppover i 2011, og det er noko vi har lengta etter lenge. Eg er glad for at Tobias er stolt over å vera frå Oppland og opplever at Ring 41 frå å vera uglesett av avlsleiinga i etableringa, no er vorte drege fram som eit mønster for andre.

Så får vi vona at helga vert vellykka for oss alle. Hugs å ta ein prat med Ove og Thor da døkk har sjansen til det! Mens vi diskuterar, informerar og vedtek saker vil som i fjor fleire damer bli undervist i skinnsaum av Brit Solheim. Dei vil foredla eit av råstoffa småfehaldet skaffar oss. Så får vi sjå kva både skinnfelldamene og vi kan få gjort på ei helg.

God helg og lykke til med årsmøtet!

Øyer 19. februar 2011, Pål Kjørstad, leiar